



Saksbehandlar: Kirsten Kårdal  
Tlf.: +47 55587512

Vår dato: 23.02.2009  
Dykkar dato: 12.12.2008

Vår ref. 2009/538 - 0  
Dykkar ref.:

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høring - Forslag om en felles database for vitenskapelig publisering - Norsk Vitenskapsindeks (NVI)

Høgskolen i Bergen syner til brev frå Kunnskapsdepartementet, datert 12.12.08 der ein ber om kommentarar til NIFU STEP –rapport 33/2008.

### Generelt om utgreiinga

Ved Høgskolen i Bergen er vi i utgangspunktet positive til forslaget om ein felles database for all vitskapleg publisering i dei tre i sektorane: universitets – og høgskolesektoren, helsesektoren og instituttsektoren. Vi vil presisere at vurderinga vår av framlegga først og fremst byggjer på kjennskap til ForskDok og at vi difor ikkje kan uttale oss om kvalitetane i FRIDA med den same innsikta. Dette ser vi på som eit hinder til å gi ei fullgod vurdering av framlegget om å nytte FRIDA som grunnlag for å utvikle den nye felles databasen.

Ei realisering av heile forslaget vil etter vårt syn krevje nærmare utgreiing og betring av t.d. fylgjande innsatsfaktorar:

#### Auke og betre importfunksjonen:

- Fleire norske og nordiske tidsskrift må indekserast i Norart
- Import frå BIBSYS bokbase må gjerast betre
- Fleire internasjonale datakjelder som til dømes PUBMED må vurderast for import av data

Presisering av regelverket som er presentert i <http://dbh.nsd.uib.no/vitpub/dokumentasjon.jsp> med særleg vekt på 2 punkt:

- Datagrunnlag: For revisjonsformål skal institusjonane lagre og kunne stille til veie alle data som inngår i grunnlaget for DBH - rapporteringa
- Forfattardelar: For at ein institusjon skal kunne telje ein publikasjon som heilt eller delvis sin for rapportering til DBH, skal namnet på institusjonen visast som forfattaradresse i sjølve publikasjonen

### Kommentarar til dei 14 tilrådingane

Vi seier oss sers nøgde med at *NVI* som ein del av eit nasjonalt system for forskingsinformasjon tek høgde for at det framleis skal vera mogeleg å registrera resultat av all FoU - verksemd i det same systemet. På det viset vert også anna verksemd enn berre vitskapleg publisering, som til dømes konferansepresentasjoner, gjort synleg i systemet.

Dette er eit viktig punkt for høgskolar som tradisjonelt har hatt ei stor breidde i kommunikasjonsformer og innhold i FoU –arbeidet.

For Høgskolen i Bergen er det viktig at funksjonaliteten i det nye systemet vert på same nivå og helst betre enn det vi har i dag. Eit døme på ein slik funksjonalitet er at eksport av data til referansehandteringsverktøy som *EndNote* eller *RefManager* vert monaleg betre enn dagens løysingar.

Vi er ikkje negative til valet av Frida som grunnlag for utvikling av det nye systemet. Vi vonar likevel at det ikkje berre er kvantitative vurderingar som ligg til grunn for dette valet. Difor er vi glade for at leiar av arbeidsgruppa, forskar Gunnar Sivertsen ved NIFU STEP, sa fylgjande under Vinterkonferansen (tilskiparar; UHR-B, ABM - utvikling og Nasjonalbiblioteket) i Oslo 27.januar i år: ”Det er viktig å føre videre elementer i dagens *ForskDok* som er bedre utviklet der, for eksempel utveksling av data og registre med biblioteksystemene” .

Forvalting er eit anna viktig spørsmål som utgreiinga har tatt stilling til. Vi ønskjer at framlegget om å etablere eit nytt forvaltingsorgan til denne oppgåva vert vurdert i ein større samanheng der spørsmålet om modernisering av biblioteksystemet BIBSYS og vidareutvikling av ein nasjonal ”Open Access” – policy inngår. Etter vårt syn er det viktig at Noreg som kunnskapsnasjon grip tak i desse sakene ut frå ein heilskapeleg tankegang. Difor trur vi det må vere mogleg å finne fram til organisasjonsløysingar som ikkje signaliserer ei så tydeleg institusjons -tilknyting som utgreiinga legg opp til. Slike løysingar treng ikkje vere til hinder for at kompetente driftsmiljø, som til dømes det ved Universitetet i Oslo, vert involvert i arbeidet med å utvikle den felles vitskapsindeksen.

Til slutt vil vi peike på to sentrale premissar for etablering av *NVI*. For det første er det viktig at overgangen til eit nytt system vert organisert slik at konvertering av data frå *ForskDok* til det nye skjer utan ekstra arbeid og kostnad for oss. For det andre er vi opptatt av at det nye systemet ikkje skal påføre oss som deltakarinstitusjon ein urettvis stor kostnadsauke i høve til dei utgiftene vi alt har som deltakar i BIBSYS *ForskDok*.

### Konklusjon

Alt i alt er vi glade for at Kunnskapsdepartementet har tatt initiativ til at denne saken er kome på dagsorden. Vi er også nøgde med at arbeidsgruppa har lagt fram forslag som er konkrete nok til at vi kan ta stilling til dei. Forskingsdokumentasjon og forskingsformidling er viktig sett ut frå eit kunnskapsdelingsperspektiv, men det er også blitt viktig som grunnlag for finansiering og kreditering av forskarinnssats. Difor haster det med å få eit system som er einsarta, transparent og legg tilhøva til rette for eins praksis på tvers av sektorar og faglege skilnader. Dersom departementet i tillegg er villig til å sjå fleire viktige formidlingssaker i samanheng, som til dømes BIBSYS modernisering og utvikling av ein nasjonal ”Open Access” policy, er Noreg på veg til å bli eit føregangsland på forskingsformidlingsfeltet.

Med helsing

Eli Bergsvik  
Eli Bergsvik  
rektor

Nils Mæhle  
Nils Mæhle  
høgskuledirektør